

KVINNHERAD KOMMUNE
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL**Områderegulering - Grøn næringspark - planID 2020005 - Kvinnherad kommune - Utført synfaring**

Viser til varsel om oppstart av planarbeid for Grøn næringspark på Husnes i Kvinnherad kommune datert 17.02.2021, og vårt brev med varsel om kulturhistorisk synfaring datert 22.04.2021. Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Den 19.05.2021 vart det gjennomført ei kulturhistorisk synfaring i planområdet. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne, og potensial for nye funn vert vurdert å vera lågt. Det er gjort ein del inngrep på store delar av området frå før, mellom anna ser det ut til at det er grave ut trasé for høgspentlina som går gjennom området. Det er og mykje dreneringsgrøfter over store delar av myrområda. Ein del avfall av ymse slag er og å finna i delar av området. Mykje av vegetasjonen består av vekslende område med gran, furu, lerk og lauvskog i tillegg til myr. Postvegen går gjennom planområdet frå hovudvegen i aust og ned mot Sør-Al og svingar nordover og inn til industriområde. Heile denne delen er oppbygd og restaurert i nyare tid og heva i høve til terrenget rundt, og med grøfter i tillegg. Her bør Statens Vegvesen uttale seg som eigar. Kulturarv har ikkje andre merknader til industriområdet. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare undersøkingar i området.

Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
fagleiarLars Øyvind Birkenes
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:
Nina Gjester Hoel